

## Orienteringsmøte om nytt kraftprosjekt i Hamlagrø

Torsdag 12. juni 14-16.00 hadde EVINY invitert Dale Jakt og fiskarlag, Hamlagrøvatnets Vel, Parkeringslaget Hamlagrøosen og Kyrkjevikha hyttelag (KH) til orienteringsmøte om nytt kraftprosjekt med Hamlagrøvatnet som magasin. Til stades frå KH var Aage og Linda Melstveit (Kyrkjeviki 33) og Lars Torpe (Kyrkjeviki 68), utsende etter styrevedtak 19.05.

Etter orientering om historia bak kraftutbygging og -produksjon i Hamlagrø og Bergsdalen frå tidleg 1900-tal, kom Eviny inn på bakgrunnen for at dei no meiner å sjå behov for å byggja eit nytt effekt-kraftverk med stor kapasitet og tilsvarende stort magasin som gjer at kapasiteten kan nyttast fullt ut. Med mangeårig konsesjon på heile 27 meter regulering opp og ned, meiner dei Hamlagrøvatnet vil vera ideelt for dette.

Prosjektet vil truleg være lønsamt mad dagens konsesjonsvilkår, men kan gi endå betre lønsemd om dei eksisterande særsvilkåra vert tekne bort. Med utslepp direkte til sjø i fjorden utanfor Dale ved hjelp av ein to mil lang tunell, meiner Eviny at grunnlaget for fleire av dei særlege konsesjonskrava fell bort. Særleg vil den raudlista laksen i Daleelva få bere levevilkår.

Nytt kraftverk vert planlagt med ein effekt på 300 - 420MW. Til samanlikning har eksisterande Kaldestad og Fosse kraftverk begge 24MW og Dale II 146MW. Slukeevna til eit nytt kraftverk er usikker, men grovt rekna meiner EVINY det kan bli omlag 0,7 m/døgn. Dett er i overkant av det dobbelte av det dei teoretisk klarar å tappa frå vatnet i dag, vel 0,3 m/døgn.

EVINY har hastverk med å få levert konsesjonssøknad til NVE og vil freista å laga ei konsekvensutgreiing (KU) alt i sommar og tidleg haust. Selskapet SWECO er sett i gang med dette og målet er søknad innan nyttår. Om utgreiinga samla sett viser samfunnsnytte, vil EVINY senda inn søknad.

Medan dagens kraftverk produserer jamt og trutt, vil eit effektkraftvek bli nytta til å jamna ut straumprisen når den er på det høgaste. Produksjonen vil altså svinga mellom ingenting og maksimal og det er prisen på straum som avgjer når det vert tappa. For magasinet, Hamlagrøvatnet, vil dette truleg merkast mest gjennom at vasstanden gjennom heile året vil variera meir.

Truleg vil me altså måtta bu oss på därlegare vilkår for støls- og hytteliv ved at me kan venta:

- meir utrygge tilhøve for bruk av båt om sommaren
- meir erosjon - særleg der det renn elvar og bekker ut i vatnet
- slutt på trygg is om vinteren ettersom vatnet i mildversperiodar med låg produksjon vil stiga slik at isen losnar frå land og vert broten opp

Kan me gjera for noko for å betra situasjonen? Først og fremst - syta for at problemstillingane vert med i konsekvensutgreiinga.

Det er viktig at både grunneigarar, hytteeigarar og Kvam Herad står saman om å krevja at Eviny i samband med anlegg for nytt kraftverk vil syta for avbøtande tiltak som gjer det mogleg å ha hytter og ha stølar på sørsida av Hamlagrøvatnet og i framtida.

For KH,                   Lars Torpe